

Komlekokarar og bakar kåra til bondevener

Dill AS og Peder Bakar er kåra til «Bondevener» av det lokale bondelaget.

Kvar torsdag produserer Dill AS i snitt 85 porsjonar med komler, basert på norske råvarer. Det meiner Halsnøy Bondelag kvalifiserer til heidersnamnet «Bondevener» som er ein årleg kampanje frå Norges Bondelag. Over heile landet har bondelaga fått i oppdrag å peika ut og tildele verdige kandidatar som betyr noko for landbruket, utan at dei er bønder. Målet med kampanjen er å byggja alliansar med andre grupper enn bøndene sjølve. I år har kampanjen fokus på norske råvarer.

Torsdag møtte styret i Halsnøy Bondelag opp i Dill sine lokale på Halsnøytunet for å overlevera forkle og diplom som synlege bevis for bedrifta sin nye «Bondevener»-status.

– Dill brukar norske råvarer når dei kvar torsdag inviterer til komlemiddag, sa leiaren i bondelaget, Clara Hveem, då ho overraska dei tilsette på Dill.

Seremonien vart sjølv sagt markert med ein komlemiddag. På fatet låg det norske råvarer av sau, sideflesk, pølse, kålrabi og gulrøter. Og sjølv sagt poteter. Dill brukar 25 kilo med norske poteter kvar torsdag.

– Dette var ei stor overrasking, vi vart heilt paffe, men samstundes litt stolte. Vi er medvitne på å nytta både lokale og norske råvarer i matproduksjonen vår. Her ønskjer vi ikkje nokon ferdigmat som vi ikkje veit kva inneheld, seier Lise Karlsen og Merete Berntsen.

Ute i spisesalen var det godt besøk av halsnøybuar som hadde valt komlemiddag på Dill denne torsdagen.

Peder Bakar

Frå Dill flytta bondelagsstyret seg eit par hundre meter ned i bakken, til Peder Bakar. Ein overraska og spørjande Peder Sjo Slettebø forstod lite av kvifor representantane frå landbruksnæringa ville ha han i tale.

– Vi veit at vi får trygge matvarer når ein brukar norske råvarer. Våre råvarer er produserte utan genmodifiserte organ-



OVERRASKA: Personalet ved Dill vart overraska då dei vart utnemnde til «Bondevener» av det lokale bondelaget. Frå venstre: Lise Karlsen, Merete Berntsen, Ganna Rodzevych og Siv Anita Brovold.



BONDEVENER: Peder Sjo Slettebø er ifølgje bondelaget ein «Bondevener». Det er spesielt lagt vekt på det grove speltbrødet som vert produsert i lokala på Sæbøvik. Til høgre leiaren i Halsnøy Bondelag, Clara Hveem.

ismar og vekstfremjande hormon. Med norske råvarer får vi sjansen til å ha eit sunt kosthald. Det veit du Peder, sa Clara Veem, før ho utropte bakaren til «Bondevener».

I vurderingane har bonde-

laget lagt spesielt vekt på Peder Bakar sin produksjon av grovspeltbrødet.

– Det vert produsert i nærmiljøet, det er sunt, det smakar godt, det er haldbart og du nyttar norsk korn, sa Hveem.

Ho bad han ta bøndene sine ønskje for næringa med opp til høgste hald i partiet sitt.

– Denne utmerkinga heng høgt, Peder, understreka Hveem. Peder Sjo Slettebø måtte vedgå at han er ein bondevener.

– Eg er av ei bondeslekt og meiner jordvern er viktig. Eg ønskjer å bruka mest mogleg av norske råvarer i produksjonen min, sa bakaren.

Han sette pris på å bli utnemnd som «Bondevener». Høgre mannen kunne likevel ikkje lova ein overgang til Senterpartiet, men kven veit. Alt kan skje i lokalpolitikken i Kvinnherad, kommunen som ifølgje Frank Aarebrot har mest italienske tilstandar i politikken.

– No er nominasjonsprosessen til kommunevalet i gang. Då er det tid for partihopping i Kvinnherad, smilte Sjo Slettebø.

Arne Lindeflaten
arne@kvinnheringen.no

Blir meldt

HUSNES: Mannen som onsdag tok seg inn i eit bustadhus på Husnes utan lov, vil bli meldt for forholdet. Politiet måtte ta hand om han etter at han sneik seg rundt husa til folk og også tok seg inn i eitt hus. Mannen verka rusa og i dårleg form, og blei derfor teken hand om av helsepersonale etterpå.

Redaktør for Ølportalen

Uskedelingen Sammy Myklebust tek over som redaktør av Ølportalen etter Tommy Holen Helland, melder Uskedalen.no. Ølportalen har fått ein solid posisjon i ølmiljøet i Norge og har blitt meir synleg i nasjonale medium. Myklebust går inn for å dekkja stort og smått i ølnorge, til dømes små og nye bryggeri. Dette er nyhende som ein elles berre kan finna i små lokalaviser. Sammy Myklebust har ved ymse høve lagt for dagen stor kunnskap om øl og ølbrygging, til dømes under oppskåka på Dønhaug.

Trafikkulukke

HALSNØY: Politiet fekk melding om ei trafikkulukke rundt halv seks torsdag kveld. Ein motorsykel krasja i ein bil bakfrå. Føraren av motorsykkelen blei kasta av sykkelen og slengt nokre meter i samanstøyten, men var etter det politiet kjenner til nærmast uskadd etter hendinga. Han vil bli meldt for uaktsam køyring, og for å ha køyrt ein uregistret motorsykel utan førarkort.

Køyrt på rådyr

DIMMELSVIK: Ein bil køyrde på eit rådyr i Dimmelsvik rundt kvart på ti torsdag kveld. Viltneimnda blei kontakta og avliva det skadde dyret på staden.

Takkar for seg

HØYLANDSBYGD: Magnhild Hillestad takkar for seg etter å ha vore leiar i Barneforeninga «Lyngblomsten» i heile 46 år og oppfordrar andre til å ta over og føra denne arven vidare, melder Høylandsbygd bygdslag. Magnhild fortener stor takk og heider for dette store og viktige arbeidet ho har lagt ned for borna i alle desse åra. Styret i Bedehuset vil ta opp denne tråden og diskutera om det kan finnast vegar å driva vidare på. Denne barneforeninga blei starta av Hilda Kleveland for snart 90 år sidan og fortener å bli driven vidare, skriv hoylandsbygd.no.

– Måren er ein råtass

Det meiner Leif Sverre Enes (H). Han vil ha skotpremie på dyret.

Det var då formannskapet handsama «Forskrifter om skotpremie på små rovvilt i Kvinnherad», forslaget frå høgreprerentanten vart sett fram.

Det har aldri vore skotpremie på mår i Kvinnherad tidlegare. – Måren er ein råtass, den må

vi ha skotpremie på, føreslo Leif Sverre Enes.

Og slik vert det. I tillegg til måren vert det føreslått desse skotpremane for ulike små rovvilt i Kvinnherad:
Kråke: 50 kroner
Mink: 100 kroner
Raudrev: 400
Mårhund: 1000 kroner

– Skotpremie på mårhund er meir symbolsk enn tru på at dette dyret vil koma til kom-

munen med det første, meiner Terje Natland.

Han har vore sakshandsamar for dei nye forskriftene om skotpremie.

Når det gjeld skotpremie på kråke, meiner han den er grunngeven i at denne fuglen kan gjera skade på lam som vert fødd ute. Kråka kan òg gjera store skadar på egg og reir til andre fuglearter. I tillegg er den ei smittekjelde for salmonellabakteriar.



Illustrasjonsfoto: Shutterstock.com